

Kunnskapsdepartementet
Pb. 8119 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.: 10/318-2/10/5772


Arkiv: N-211 Dato: 16.06.2010


HØRINGSUTTALE NYTT FINANSIERINGSSYSTEM FOR IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR I EIN RAMMEFINANSIERT SEKTOR


Vi viser til skriv av 19.04.2010 der departementet ber om høringsuttale vedkommande nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar.

Sveio kommune sender med dette sin uttale og ber om at departementet vurderer våre innspel.

Med helsing
Sveio kommune


Mikal Møller Hovda
Rådmann


Solfrid Lier Habbestad
Kommunalsjef


Heidi Sunde Lyngholm
Økonomisjef

HØYRINGSUTTALE - NYTT FINANSIERINGSSYSTEM FOR IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGER I EIN RAMMEFINANSIERT SEKTOR

Dokument lagt til grunn/brukt for uttalen:

Høringsbrev inkl. liste over høringsinstanser

Høringsnotat: Nytt finansieringssystem for ikke-kommunale barnehager i en rammefinansiert sektor

Rapport fra Telemarksforskning: Utgifter i barnehager – forprosjekt til ny forskrift om likeverdig behandling av private barnehager

KS: Høring – Nytt finansieringssystem for ikke-kommunale barnehager i een rammefinansiert sektor.

UTGREIING TIL HØRINGSUTTALELSEN:

1. Kva høringa gjeld:

Kommunane er bedt om å gje høyringsuttale til nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar sett på bakgrunn av nytt finansieringssystem for barnehagesektoren i kommunane.

2. Bakgrunn for nytt finansieringssystem:

Stortinget vedtok i 2009 forslag til nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar, og dette skulle tre i kraft når barnehagesektoren vart rammefinansiert.

I Kommuneproposisjonen for 2011 er det lagt opp til å innlemma øyremerka barnehagetilskot i rammeoverføringa frå 2011. Dette omfattar

- ordinært driftstilskot
- skjønstilskot barnehagar
- tilskot til born med funksjonshemming

I ny § 14 i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) heiter det at "godkjente ikkje-kommunale barnehagar, jf. første og andre ledd, skal behandlast likeverdig med kommunale barnehagar i forhold til offentleg tilskot". Med heimel i denne og oppfølging av endringa, sender Kunnskapsdepartementet ut på høyring forslag til

1. Ny forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskot.
2. Ny § 14a i barnehagelova om krav til bruk av offentlege tilskott og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar (dvs regulering av uttak av verdiar i ikkje-kommunale barnehagar)
3. Ny forskrift om bruk av offentlege tilskott og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar (uttak av verd/utbytte) ut frå ny § 14 a i barnehageloven (jf punkt 2 ovanfor)

Det er knytt stor uvisse til kva økonomiske konsekvensar innlemming av øyremerka barnehagetilskot i rammeoverføringa og iverksettinga av denne forskrifta vil føre til for kommunane. Pkt. 2. og 3. skal sikre at foreldrebetalinga og offentlege tilskot til ikkje-kommunale barnehagar kjem barna til gode. Reglane regulerer m.a. retten til å ta ut verdiar frå barnehageverksemda. Sjølv om pkt. 2 og 3 vil gjelde uavhengig av pkt.1, vert dei sendt ut i same høyringsnotat.

3. Problemstilling:

Ved handsaming av Ot.prp nr 57 (2007-2008) om finansiering av ikkje-kommunale barnehagar vedtok Stortinget i juni 2009 at barnehagesektoren skulle rammefinansierast frå 1.1.2011. I samband med omlegginga av finansieringssystemet, vart det vedteke at det skulle utarbeidast ei nasjonal forskrift om likeverdig handsaming av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar innanfor det nye systemet. Vidare vart det vedteke ein opptrappingsperiode på inntil fem år for innføring av full økonomisk likeverdig handsaming. Vedtaket inneber at kommunane frå 1.1.2011 skal yte tilskott til alle godkjende ikkje-kommunale barnehagar i kommunen, føresett at barnehagen har søkt om godkjenning før barnehagesektoren er rammefinansiert. Kommunen står fritt til å yte tilskott til barnehagar som søker om godkjenning etter at sektoren er rammefinansiert.

Sveio Kommune har valt å ta utgangspunkt i KS sitt framlegg til uttale, og knytte kommentarar til denne utifrå eigen ståndstad. Nummereringa i oversikta nedanfor er tatt med for lettare å knytte kommunen sine kommentarar til dei einskilde punkta, og tyder ikkje på noko form for prioritering.

I Stortinget har gjeve nokre klare føringar i saka:

1. Forenkling av finansieringssystemet for barnehagesektoren, slik at det blir lett å forstå og forvalte – i første rekkje for kommunane og dei ikkje-kommunale barnehagane
2. Utjamning av skilnader i løn og arbeidsvilkår gjennom auka tilskott til ikkje-kommunale barnehagar
3. Ynskje om mangfald og høg kvalitet i sektoren

II Hovudelement i forslag til ny finansieringsmodell

1. Definisjon av ”likeverdig handsaming”: Ikkje-kommunale barnehagar skal få 100 % av det tilsvarende kommunale barnehagar i gjennomsnitt mottek i offentleg tilskott per heiltidsplass
2. Likeverdig handsaming skal omfatte alle kostnader i basistilbodet i barnehagen, inkludert kapitalkostnader og administrasjonskostnader
3. Separate tilskotssatsar for **drift og kapital** (der drift utgjør hovudtyngda)
4. Budsjettet for det aktuelle året skal danne grunnlaget for tilskottsberekinga.
5. Budsjettauke i løpet av året til ordinær drift i kommunale barnehagar skal følgjast opp med tilsvarende tilskott til ikkje-kommunale barnehagar.
6. Kommunen skal kunne halde kommunale barnehagar med særskilt høge drifts- og kapitalkostnader utanfor berekningsgrunnlaget.
7. Kostnader til særskilt tilrettelegging for born med spesielle behov (minoritetsspråklege born, born med nedsett funksjonsevne etc) skal haldast utanfor berekningsgrunnlaget.
8. Forslag om eit generelt administrasjonspåslag på 4 % av berekna tilskott for drift.
9. Statlege og fylkeskommunale midlar til eigne barnehagar blir rekna som offentlege tilskott og kjem til fråtrekk når det kommunale tilskottet til desse barnehagane skal bereknast.
10. Kommunar utan kommunale barnehagar brukar nasjonale gjennomsnittstall fastsett av departementet.
11. Kommunen kan stille ”rimelege og relevante krav” for barnehagedrift til ikkje-kommunale barnehagar.
12. Vedtak om kommunalt tilskott kan påklages til fylkesmannen.
13. Kommunen si plikt til likebehandling gjeld uavhengig av borna sine heimkommunar.

III Uttak av verdier i ikkje-kommunale barnehagar – eiga føresegn i barnehagelova og . utfyllande reglar i eiga forskrift

1. Hovudregelen er at offentlege tilskott og foreldrebetaling skal kome borna i barnehagen til gode. Eit mål for regjeringa er å hindre høg avkastning og at offentlege midlar går til privat formuesoppbygging.
2. Uttak av verdier skal regulerast gjennom ny § 14 a i barnehagelova og i eiga forskrift.
3. Barnehagen skal ikkje kunne føre over verdier til eigarar eller deira nærstående utover rimeleg avkastning på eigenkapital – korkje når barnehagen er i drift, blir seld eller opphøyrer.
4. Den føreslegne forskrifta gir detaljerte avgjerder om uttak av verdier i eit driftsår og kva som skal reknast som rimeleg avkastning og rimeleg vederlag

5. Kommunane blir gitt tilgang til å føre kontroll med dei ikkje-kommunale barnehagane, og urettmessig utbetalte tilskott kan krevjast tilbakebetalt.
6. Departementet ber eksplisitt om høyringsinstansane sitt syn på behovet for regulering av uttak av verdiar, og dessutan forslag til regulering.

4. Vurdering:

Samanlikning noverande ordning og nytt system for tildeling:

Nedanfor er tatt med ei enkel og ikkje uttømmmande oversikt over tilskotsordningane for kommunale og ikkje-kommunale barnehagar etter ordninga slik ho fungerer i dag og etter den nye ordninga. Gjeld tilskot til ordinær drift av barnehagane.

	noverande ordning	nytt system for tildeling
Midlar frå staten	Øyremerka tilskot til kom. til kom.bh og ikkje-kom.bh. (til vidareformidling).	Kommunen får midlar som del av rammetilskotet.
Tildeling av statstilskot til ordinær drift	Tal på born i barneh., etter alder (<3 år & >3 år) og timar i barnehagen	Tal på born i aldersgruppene i kom. på teljetidspunktet året før (for 2011 pr.01.07.10)
	Tala er uavh.av faktisk bukommune	Tildelig i ramma gis på bakgrunn i tal på born i eigen kommune, men utbetalingan gjeld barn i barnehagen (vertskommune må gi tilskott for nabokommunane sine born)
Endring i talet på born i barnehagen i løpet av året	Auka tilskot dersom auke > 2 stk. og > 3 mnd.	Ingen endring i midlar frå staten til kommunen, men reglar for ny utrekn.kom. tilsk.til ikkje-kom.bh.
Grunnlag for utrekning av kom.tilskot til ikkje-kom.bh	Rekneskapstal for kom.bh. året før og R- og B-tal for ikkje-kom.bh.	(Kom.sats =Budjs.kom.bh / heiltidsplass) x tal born i ikkje-kom.bh x (sentralt vedtatt sats for born > og < 3 år) – ikkje uttømmmande
Teljetidspunkt	15.12 året før budsj.år + evt. endringstidspkt.	Ikkje endr.for tilsk.til kom. Kom.kan vedta fleire teljetidsp. for priv.bh. for ny utrekning

Sveio Kommune

Det er 3 offentlege og 4 privat barnehage i Sveio kommune. Nedanfor føl tal på born i barnehagane fordelt på timar pr. veke pr.15.12.2009 (frå årsmeldinga til fylkesmannen). Tal < og > 3 år svarar i desse oversiktene til året etter rapporteringa då tala dannar grunnlag for tilskot dette året. < 3 år tyder for 2009 fødde i 2007 eller seinare.

Tal 2010	Timar pr. veke for born < 3 år					Timar pr. veke for born >3 år					Totalt
	0-24	25-32	33-40	41 t -	Sum > 3	0-24	25-32	33-40	41 t -	Sum < 3	
Sveio Bameh.	0	4	2	11	17	1	3	2	27	33	50
Førde Bameh.	1	7	0	8	16	2	2	1	13	18	34
Valestrand oppv.	1	0	1	4	6	1	1	0	12	14	20
Sum off. b.h.	2	11	3	23	39	4	6	3	52	65	104
Gjemundsh. BH	0	2	0	19	21	1	2	0	43	46	67
Ekrene bameh.	0	8	1	17	26	2	11	2	39	54	80
Bua bamehage	2	0	3	5	10	1	3	2	10	16	26
Bråstein bameh.	2	2	0	7	11	0	1	0	15	16	27
Sum private b.h.	4	12	4	48	72	4	17	4	107	132	204
TOTAL	6	23	7	71	111	8	23	7	159	197	308

Oversikt øymerka tilskot til barnehagedrift til Sveio Kommune dei siste åra:

	2008	2009	2010 (tilsagn)
Ordinært driftstilskot (stat)kom.barnehage	6 039 375	6 194 446	6 537 270
Ordinært driftstilskot ikkje-kom.barnehage	10 901 966	12 814 238	13 811 625
Skjønstilskot barnehage	4 069 698	4 822 175	4 964 559
Tilskot born m.nedsett funksj.evne i barneh.	897 890	921 321	948 175
Sum øymerka tilskot	21 908 929	24 752 180	26 261 629

Kommunal og Regionaldepartementet (KRD) har hatt tal for 2008 med i berekninga av kostnadsnøklar for 2011. Tal for innlemminga av dei øymerka tilskota vil ikkje bli kjent før i framlegg til statsbudsjettet (primo oktober). Det er usikkert om eller i kor stor grad det vil bli tatt omsyn til skjønstilskotet ved berekning av storleiken på overføringa. Det er vidare knytt stor uvisse til dei økonomiske konsekvensane iverksettinga av denne forskrifta vil føre til for kommunane.

5 Høyringsuttale:

Sveio Kommune har valt å ta utgangspunkt i KS sitt framlegg til uttale og kommunen sine eigne kommentarar er skreve i *kursiv* slik at ein lettare kan finne fram til desse. Det er også tatt med *nummerering* framfor kommentarane slik at ein lettare kan sjå kva punkt i oversikta ovanfor dei er knytt til.

II Ny finansieringsmodell

Det er viktig at modellen som blir valt er enkel, forståeleg og ikkje for detaljert – utan at dette går på bekostning av treffsikkerhet. I høyringsnotatet vert behovet for å lage eit enklare system enn i dagens finansieringsmodell framheva, samstundes skal ny modell sikre eit variert og kvalitativt godt tilbod. Departementet har valt å leggje størst vekt på at modellen i forslaget skal være enkel. Det kan oppstå konflikt mellom at det skal være enkelt på den eine sida og god kvalitet og variasjon i barnehagetilbodet på den andre sida. Samstundes bør behovet for ein administrativt enklare og meir forståeleg berekningsmodell vege tyngst ved val av modell. Det vil seie ein modell som er enklare å handtere for kommunane, og som kan bidra til færre klagesakshandsamingar av tilmålt tilskott til ikkje-kommunale barnehagar. Forslaget til ny modell synest å ivareta det på ein god måte.

Sveio Kommune er samd i at ein må kome fram til ein enklare modell for utrekning av det kommunale tilskotet. Kommunen har kvart år hatt klagesaker på grunn av usemje/misforståingar i forståinga frå dei private barnehagane på årsaka til kvifor resultatet vart slik det vart. Dei private barnehagane hjå oss, slik vi opplev det , ikkje forstått kvifor er forskjellig frå nabo kommunen.Regelverket har vore omfattande og sakshandsaminga har vore svært tidkrevjande både når det gjeld tildelig av tilskott og særleg klagehandsaminga. .

II. 3 Ein todelt finansiering – separate tilskott til drift- og kapitalkostnader

Forslag til ny modell inneber ei oppsplitting av drifts- og kapitalkostnader.

Tilskott til drift (II. 4 og 5)

Det blir føreslege at tilskottssatsene for drift blir berekna på bakgrunn av dei budsjetterte kostnadene til kommunen til basis barnehagedrift det einskilde året. Det skal lagast separate satsar for små born (under 3 år) og store born (over 3 år).

Ein legg opp til ei endring av forholdstalet, som idag (jf. Høyringsnotatet) er 2,0. Ei slik endring vert gjort etter kostnadsanalyser (Telemarksforskning) der ein viser at små barn ikkje har dobbelt så høge kostnader som store barn. Viser til bemannings-, administrasjons- og kapitalkostnader.

Ordinær drift – basistilbod (II. 5 og 2)

I høyringa brukar ein ordinær drift og basistilbod som forklaring på kva som skal leggjast til grunn for utmåling av driftstilskott. Det er ikkje nærare definert kva som ligg i desse to omgrepa. Ved å nytta éit omgrep og ein klårare definisjon vil ein tydeliggjere kva som skal inngå i driftstilskottet. Det bør vere mogleg for kommunane å halde spesielle element som berre gjeld kommunale barnehagar utanfor berekninga av driftstilskottet - som til dømes lærlingar som ikkje inngår i den ordinære drifta.

Sveio Kommune er samd i at det er viktig at ekstraordinære kostnader (t.d. lærlingar, administrasjonen av samordna opptak og tilsynsforpliktinga) ikkje skal reknast med i grunnlaget.

Administrativt påslag (II. 8)

I høyringa føreslår ein eit administrativt påslag på 4 %. Dette nivået er henta frå ein kostnadskartlegging som Telemarksforskning har laga på oppdrag av Kunnskapsdepartementet. Det blir opplyst at det er stor uvisse knytt til dette talet. Det bør stillast spørsmål ved om i kva grad det er behov for ei statleg regulering av administrative kostnader. Ein fastsett prosentvis storleik på administrative kostnader vil overkompensere dei store ikkje-kommunale barnehagane med effektiv drift, medan dei mindre barnehagane vil bli underkompensert. Vidare vil eit fastsett nivå på administrative kostnader ikkje gje insitament til effektivisering av denne typen kostnader korkje i kommunale eller ikkje-kommunale barnehagar.

Sveio Kommune viser til at det i dag blir lagt til eit påslag m.o.t adm.kostnader der andelen av desse er netto lønnsutgifter til ordinær drift i barnehagane i prosent av lønnsutgifter i kommunen samla. Å finne fram til desse tala krev ekstra arbeid. Dersom ein skal ha fleire ulike satsar for dette utifrå effektivitetsnivået i dei ikkje-kommunale barnehagane, må ein ha ein måte å måle dette nivået. Dette vil krevje ekstra arbeid. Sveio meiner derfor at den mest føremålstenlege løysinga er å ha ein sats for påslaget.

Barnehagar med særskilt høge driftskostnader (II.6)

I høyringsnotatet ber ein særskilt om tilbakemelding på om barnehagar med særskilt høge driftskostnader kan haldast utanfor berekningsgrunnlaget. For kommunane vil det vere viktig med klår rett til å halde særskilte barnehagar med høge driftskostnader utanfor berekningsgrunnlaget. Det kan m.a vere barnehagar med mellombels drift, barnehagar til nyankomne flyktningar, friluftsbarnhager og barnehagar med ein stor andel born med funksjonshemmingar.

(II. 2) Alle kommunen sine myndighetsoppgåver må haldast utanfor – herunder opplæring og oppfølgingstiltak som òg personalet i dei ikkje-kommunale barnehagane nyt godt av.

Sveio Kommune er samd i desse synspunkta.

Etter pkt. II. 7 er, slik me forstår det, kostnader til særskilt tilrettelegging for born med spesielle behov (herunder minoritetsspråklege born, born med nedsett funksjonsevne osv) halde utanfor berekningsgrunnlaget. Slik er det også etter dagens model,1 og ikkje-kommunale barnehagar kan søkje om ekstra tilskot til desse. Kan ikkje sjå at dette er omtala i dokumentet, men reknar med at ordninga vil halde fram.

Plikt til likebehandling gjeld uavhengig av borna sine heimkommunar (II. 13)

For både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar gjeld i dag at dei får tilskot pr. born i barnehagen etter alder og timar i barnehagen uavhengig av om barnet bur i kommunen. Etter ny ordning får kommunen tilskot utifrå kriterium i inntektssystemet m.a. talet på born i aldersgruppene medan dei ikkje-kommunale barnehagane skal ha rett til tilskot utifrå talet på born i barnehagen. Dette kan bli ein betydeleg meirkostnad for kommunar med mange born som er busett i andre kommunar. Slik det er for Sveio har ikkje Haugesund kommune dekning for sine born og dei borna går i barnehagen som ligg på kommunegrensa. Haugesund kommune vil med det få rammetildeling for sine born, men Sveio må betala for tilskott til barnehagen for barnet. Dette vil få en utilsikta effekt i forhold til vidare utbygging av barnehageplassar for dei kommunane som ”shoppe” barnehageplassar i nabo-kommunen. Det må derfor opnast for refusjonsordningar mot heimkommunen til desse borna eller til at dei ikkje-kommunale barnehagane må sende rapport / søknad til dei kommunane dei har born frå og få tilskot direkte frå kvar av dei.

Utjamning av skildnader i løns- og arbeidsvilkår (I. 2) og Kommunen kan stille “rimelege og relevante krav” for barnehagedrift til ikkje-kommunale barnehagar (II. 11).

Sveio Kommune meiner at sidan ein av dei klåre føringane med likestilling av barnehagane er utjamning av skildnader i løns- og arbeidsvilkår, må kommunane kunne stille krav vedk. løns- og arbeidsvilkåra knytt opp mot utbetaling av tilskotet.

Tilskott til kapital

Det blir føreslege to ulike modellar for tilskott til kapital. Modell 1 inneber at alle kommunar som har eigne barnehagar skal bruke desse som grunnlag for å fastsetje eit tilskott for kapitalkostnader i ikkje-kommunale barnehagar. Modell 2 opnar for at kommunane kan velje å berekne kapitalkostnader ut frå eigne barnehagar eller å nytte seg av nasjonalt fastsette gjennomsnittssatsar. KS meiner at det bør opnast for valfridom på dette punktet, og ber om særleg tilbakemelding på dette.

Sveio Kommune er i utgangspunktet samd med KS i at Modell 2, med rett til å velje, er best. I pkt. 7.2 Kapitalkostnader i Høyringsnotatet vert det vist til at det ikkje er uproblematisk å nytte gjennomsnittstal for kapitalkostnader då barnehagar med eldre nedbetalte bygg vil få høgare tilskott enn dei har behov for og motsett for nye barnehagar.

Dei viser til at dette vil jamne seg ut over tid, og KD rår derfor til at ein ikkje skal ha differensierte nøklar for kommunane. Sveio viser til at nasjonal snittsats kan slå ulikt ut for kommunane, og ønskjer at ein, med heimel i ny forskrift, utarbeider satsar for kvar av kostragruppene slik at kommunane får eit reelt val mellom eigne tal og tal på bakgrunn av tal frå eiga kostragruppe. Slik kan ein unngå at små og mellomstore kommunar må utbetale tilskot til ikkje-kommunale barnehagar etter ein sats tilpassa barnehagekostnader i ein storby. Det er viktig at modellen som blir vald ikkje byggjer på den private barnehagen sine kostnader til kapital bokført i rekneskapen då desse kostnaden kan ha skattemessige motiver.

Barnehagar med spesielt høge kapitalkostnader

Det er forslag om at kommunen kan gje ekstra tilskott til ikkje-kommunale barnehagar med spesielt høge kapitalkostnader, m.a. til nyetablerte barnehagar eller at barnehagen ligg i eit område med spesielt høge tomtkostnader. Dessutan skal kommunale barnehagar med særskilt høge kapitalkostnader haldast utanfor berekningsgrunnlaget.

Sveio Kommune er samd i desse synspunkta, men syner at en må kunne korrigere for skattemessige føringar i rekneskapen.

Forslag til ny § 14 a – regulering av uttak av verdier.

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på regulering av uttak av verdier når det gjeld drift, sal eller opphøyr av ikkje-kommunale barnehagar. Det blir lagt opp til eit komplisert kontrollregime i kommunane som vil medføre behov for auka kapasitet og kompetanse. Det bør leggjast til at korkje Danmark eller Sverige har noko form for regulering av uttak av verdier.

Men KS er einige i at forslaget frå departementet om lovfesta høve for kommunane til å kontrollere at offentlege tilskot og foreldrebetalingen vert brukt i samsvar med barnehagelova, med nærmare reglar og krav til dokumentasjon av transaksjoner. På den måten har kommunane, som no skal ha heile finansieringsansvaret for sektoren, og høve til kontroll og dokumentasjon i tvilstilfelle. Kommunane si finansiering av ikkje-kommunale barnehagar må vere i tråd med EØS avtalen sine reglar for offentlig støtte. For å sikre at støtta er i tråd med EØS-avtalen, må fleire viktige moment vere på plass:

- Det må sikrast at pengane blir brukt i samsvar med formålet, dvs kjem borna til gode
- Det må sørgast for at støttebeløpet ikkje er større enn det som er naudsynt for barnehagetenesta.
- Eigarane kan ha ein rimeleg fortjeneste utan at det blir rekna som overkompensasjon.
- Det skal ikkje vere nokon krysssubsidiering, dvs at støtte til barnehagedrift blir brukt til anna verksemd eigaren måtte drive med.
- Det må ikkje skje forskjellsbehandling mellom dei ikkje-kommunale barnehagane.
- Det bør fastsetjast objektive og etterprøvbare kriterium for berekning og utbetaling av kommunalt tilskott.
- Verdier som er bygd opp av offentlege tilskot og foreldrebetaling skal koma barna i barnehagen til gode og evt. formueoppbygging skal gå til å dekkje framtidige kapitalbehov.

I Ot.prp. nr 57 (2007-2008) Om lov om endringar i barnehageloven (finansiering av ikkje-kommunale barnehagar) foreslo departementet at det skulle fastsetjast lokale forskrifter for tilskott til ikkje-kommunale barnehagar. Det vart ikkje foreslått regulering av utbytte, men at kommunane sjølv skulle ha ansvaret for at det ikkje blir utbetalt tilskott i strid med reglane for offentlig støtte. Dersom EØS-regelverket ikkje blir overhalde og det blir utbetalt ulovleg støtte, må støtta pluss renter tilbakebetalast. Departementet seier vidare at dei vil vurdere å utarbeide rettleiingsmateriell til kommunane vedk. EØS-avtalen og reglane for offentlig tilskott.

Det overordna prinsippet bør vere at alle born skal ha eit kvalitativt godt barnehagetilbod uavhengig av om dei har plass i ein kommunal eller ikkje-kommunal barnehage. Vidare må reglane for offentlig støtte etterfølgjast. Eit komplisert kontrollsystem for utbytte må avvegast i høve til risiko for at støtta ikkje er i tråd med EØS-avtalen. Departementet har tidlegare gått inn for at kommunane sjølve skal ha ansvaret for at regelverket blir overhalde, og at det vil bli gjeve rettleiing frå staten. Dette synest å vere ei mykje betre løysing enn å lovregulere uttak av verdier.

Sveio Kommune er samd i at staten må utarbeida rettleiingsmateriell med klåre og enkle modellar for kontroll med at tilskot og foreldrebetalinga blir brukt i samsvar med barnehagelova. I denne modellen bør det leggjast inn kontrollpunkt i forhold til tilsette

familiemedlemmer og kva løn familiemedlemmer har. Dette for å avdekke “sjult” uttak av midlar/”alternativ til utbytte” ved fiktive tilsette.

Økonomiske og administrative konsekvensar:

I følge departementet vil forslaget ikkje innebere auka økonomiske konsekvensar for kommunane ved at tilskottet til drift vil vere basert på kommunale gjennomsnittskostnader. Saka vart i 2. konsultasjonsmøte i 2010 meldt opp som kostnadsberekningssak – herunder òg økonomiske konsekvensar av opptrappinga av tilskottet til ikkje-kommunale barnehagar. I kostnadsberekninga vil det vere viktig å følgje opp økonomiske konsekvensar ved både drift- og kapitaltilskottet.

Forslaget til overgangsregler inneber at mange av kommunane må leggje om rutinane sine for berekning av tilskott i ein overgangsfase på 5 år. Det vil i ein periode medføre auka administrative kostnader for kommunane.

Etter det Sveio Kommune har forstått er tala i Kom.prop.2011 vedk. Rammetilskot etter nye kostnadsnøklar ikkje uttømmende. M.a. er ikkje effekten av innlemminga av dei øymerka tilskota til barnehagesektoren tatt med i tabellane. Det vert på den eine sida vist til at kommunane ikkje skal tape på omlegginga og på den andre sida antyda at skjønstilskota var meint som “ekstra”-tilskot for å oppnå full barnehagedekking og at det er usikkert om desse vert innlemma og i alle høve er omfanget av ei slik innlemming usikker. Slik me ser det stadfestar og forsterkar dette uvissa ved innlemming av dei øymerka tilskota og korleis dette og innføring av ny forskrift for kommunalt tilskot til dei ikkje-kommunale barnehagane vil slå ut for kommunane.